

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 07.12.2011  
Sakhandsamar: **Tom Hansen**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per november 2011**

**Arkivsak**

2011/134/

**Styresak 079/2011 A**

**Styremøte 15.12.2011**

---

## **Framlegg til vedtak**

Rapportering frå verksemda per november 2011 vert teken til vitande.

## Oppsummering/ samandrag

Styrerapporteringa er utarbeidd per 30.11.2011. Rapporten fokuserer på ulike indikatorar innanfor følgjande perspektiv:

### Kvalitet

Ventetider for behandla er på veg nedover, men vil truleg ikkje nå målsetninga på 65 dagar i løpet av 2011. Ein vil kunne nå målsetninga om ingen fristbrot, og talet på korridorpatientar er gledeleg lavt. Det er betring innan psykisk helsevern for barn og unge. Talet på langtidsventarar aukar, og målsetninga kan ikkje nåast her i løpet av 2011. Stadig aukande del kontrollar ved poliklinikkane vil gjere det vanskeleg å nå måla framover. Epikrisetidene held seg stabilt bra.

### Aktivitet

Akkumulert ligg produksjonen 125 DRG poeng bak budsjettet (0,6 %).  
Dagkirurgi/dagopphald er 0,6 % færre enn fjoråret (54 opphald).  
Poliklinisk aktivitet er 3,3 % lågare enn fjoråret (3.340 konsultasjonar).  
Vi har 555 heildøgnsopphald mindre enn fjoråret (3,3%).

### Økonomi

Perioderesultatet var 2,5 mill. kroner svakare enn budsjett for månaden: Inntektene var 0,5 mill. kroner lågare enn budsjett og kostnadane var 2,0 mill. høgare enn budsjett.

Bokført resultat etter elleve månader er negativt med 47,1 millionar, noko som er 10,5 millionar svakare enn budsjett.

Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 516 mill. Per 1. november var det trekt opp 454 mill.

### Medarbeidarar

Sjukefråværet i oktober er lågare enn fjoråret, 6,3 % i 2011 mot 6,9 % i oktober i fjor.

Brutto månadsverk i november er 18 fleire enn same periode førre året.

Netto månadsverk i november er 22 fleire enn same periode førre året.

I høve november 2010 er deltid redusert med om lag 4 %, og faste stillingar auka tilsvarende.

## **KVALITET**

### **Ventande/Ventetider**

- Gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar ligg samla sett på 74 dagar i november 2011, ein nedgang på 3 dagar i høve førre månad. Det er likevel ikkje truleg at ein når målsetninga på 65 dagar i 2011.
- Talet på behandla pasientar ligg om lag som i november i fjor, men med ein klart større del ikkje-prioriterte pasientar.
- Samla tal ventande er klart lågare enn fjoråret, litt under halvparten er rettighetspasientar.
- Talet på langtidsventande er aukande i høve oktober 2011, med 170 pasientar som tilsvarar 2%. Dette er ikkje tilfredsstillande og ikkje i tråd med målsetninga.

### **Epikrisetider**

På dette området ser det no ut som om ein har stabilisert seg på ei god måloppnåing, og greier å halde seg samla sett over 80 % både innanfor psykisk helsevern og somatikk over tid. Ein meir detaljert presentasjonsform er komen (epikriseprosessen).

### **Korridorpasientar**

Eit arbeid har vore i gang med tanke på å unngå korridorpasientar i Helse Førde ved å nytte ledig kapasitet i andre avdelingar og på pasienthotellet. Så langt er utviklinga svært positiv på dette området med svært lite korridorpasientar også i november, med 39 slike, og ingen av desse er innanfor psykisk helsevern.

### **Fristbrot**

Etter å ha kome ned i 0% fristbrot tidlegare i 2011, har det ei tid fram til september 2011 vore ein aukande tendens igjen. Etter september 2011 har tendensen igjen snudd i positiv retning og det kan sjå ut som ein kan greie målsetninga ved utgangen av året.

Det er ei gledeleg betring innanfor ungdomsgarantien (BUP) også for november, og målet framover om heilt å eliminere fristbrot er realistisk.

### **Stryking av planlagde operasjonar**

Helse Førde har over tid klart å ligge under måлтаlet på under 5 % strykingar frå planlagde operasjonar, og dette gjeld også for november. Området ligg relativt stabilt over tid.

### **Utskrivingsklare pasientar**

Det har vore ein betydeleg nedgang av utskrivingsklare pasientdøgn i Helse Førde i november i høve månaden før. Det samla talet er 135, som er det lågaste registrerte i 2011.

### **Del kontrollar på poliklinikkar**

Det ser ut til å være ein aukande del kontrollar på poliklinikkane samla sett over dei siste månadane. Dette kan være den største utfordringa i høve til å få ned ventetider og eliminere fristbrot og langtidsventande framover. Samhandlingsreforma legg opp til at mange av desse må kunne overførast til kommunehelsetenesta eller interkommunale DMS.

## AKTIVTET

### Somatikk

Aktivitet per november 2011	Akkumulert				
	Faktisk	Plan	Avvik vs. plan	I fjor	Avvik vs. ifjor
DRG-poeng pasienter tilhørende egen region, (A)	22 075	22 156	(81)	22 326	(251)
DRG-poeng pasienter tilhørende andre regioner - fakturering av gjestepasienter, (B)	489	533	(44)	586	(97)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	22 564	22 689	(125)	22 913	(349)
DRG-poeng pasienter beh andre region	1 514	1 423	91	1 382	132
Sum drg-poeng egne pasientar	23 589	23 579	10	23 708	(119)
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	3 178	2 475	703	2 411	766
Antall Dagkirurgi/dagbehandling	9 166	8 408	758	9 220	(54)
Antall sykehusopphold	16 069	16 156	(87)	16 624	(555)
Antall polikliniske konsultasjoner	97 723	100 410	(2 687)	101 063	(3 340)

#### Perioden

Aktiviteten i perioden var 6,5 % lågare enn plan målt i tal behandla pasientar. Samla DRG produksjon i føretaket i perioden er 1,8 % lågare enn måltalet. Produksjonen i perioden var 41 poeng mindre enn budsjett. Det er behandla 12.354 pasientar i perioden, noko som er 6,1 % færre enn førre året.


#### Akkumulert

Akkumulert ligg produksjonen 125 DRG poeng bak budsjettet (0,6 %). Vi ligg 1,5 % bak fjorårsproduksjonen målt i tal DRG poeng (349 poeng), og har ein nedgang på 3,1 % frå førre året målt i tal pasientar. Dagkirurgi/dagopphald er 0,6 % færre enn fjoråret. Poliklinisk aktivitet er 3,3 % lågare enn fjoråret (3.340 konsultasjonar). Vi har 555 heildøgnsopphald mindre enn førre året (3,3%).

## Psykiatri


### BUP

#### Aktivitetsutvikling i heldøgnsopphold innenfor BUP per HF



UPH har hatt ein nedgang i belegg frå oktober til november. Belegg for november ligg noko under plan. Det er ikkje registrert fristbrot i BUP i november.


## Utvikling i dagopphold (dag+poli) innenfor BUP per HF



Det er nedgang i tal polikliniske konsultasjonar. Dette skuldast innføring av DIPS, som har vore eit ressurskrevjande prosjekt. Det er lagt opp til lågare aktivitet i etterkant, for å unngå feil som følgje av det nye systemet.


## VOP

### Aktivitetsutvikling i heldøgnsopphold innenfor Psykisk Helse for voksne per HF



Nedgangen i liggedagar i PHV er ein konsekvens av dei tiltaka som er gjort i 2011 ved at ISP og NPS har redusert tal senger.

## Aktivitetsutvikling dagopphold (dag+poli) innenfor Psykisk Helse for voksne HF



Auka poliklinisk aktivitet er ein konsekvens av tiltak PHV har gjort. Det er eit mål å vri behandlinga frå døgn til dag.

For familiebehandling rus på Tronvik har det ikkje vore tilvisingar, og på denne avdelinga har vi ikkje hatt innlagte pasientar etter juli 2011. Dette er årsaka til at tal liggedøgn rus er lågare enn budsjett.

## ØKONOMI

### Perioden

Perioderesultatet var 2,5 mill. kroner svakare enn budsjett for månaden: Inntektene var 0,5 mill. kroner lågare enn budsjett og kostnadane var 2,0 mill. høgare enn budsjett.

### Hittil

Bokført resultat etter elleve månader er negativt med 47,2 millionar, noko som er 10,5 millionar svakare enn budsjett.

Inntektene hittil i år er 3,8 mill. høgare enn budsjett.

Kostnadssida hittil i år syner eit negativt avvik mot budsjett på 14,3 mill. kroner.

- lønskostnadane syner eit meirforbruk på 19,2 mill. kroner.
- varekostnader har eit mindreforbruk på 2,5 mill. kroner.
- meirforbruk på andre driftskostnadar utgjør 0,2 mill. kroner.
- finanskostnader syner eit mindreforbruk på 2,6 mill. kroner.

### Likviditet

Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 516 mill. Per 1. desember var det trekt opp 454 mill.

## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær

Sjukefråværet i Helse Førde vart på 6,3 % i oktober. I oktober 2010 var sjukefråværet 6,9 %. Tal for november kan rapporterast på i neste styremøte.


### Månadsverk

Brutto månadsverk i november var 2.216. Dette er 18 fleire enn same periode førre året. Netto månadsverk i november var 2.002. Dette er 22 fleire enn same periode førre året.

### Bruk av deltid

Del heiltid var 64,6 % i november. Bruk av deltid var 31,5 %, medan tilkallingshjelp låg på 3,9 % i november.

November 2010 hadde 62,9 % heiltid og 32,9 % deltid, slik at det er ein vridning frå deltid til heiltid på om lag 1,5 prosentpoeng målt mot førre året. Dette utgjer ein reduksjon i deltid med 4 % i høve november 2010.



## TILSYN I HELSE FØRDE

*Helseføretaka skal, ut frå pålegg i Styringsdokument for Helse Førde HF 2011, rapportere månadleg til styra og Helse Vest RHF på status i tilsynssaker (systemrevisjonar og enkelthendingar) frå Helsetilsynet, og på status i tilsynssaker frå andre myndigheitsorgan.*

Den 28.11.11 kom det nye føringar på rapporteringa. Dokumentet er utarbeidd ut frå dei nye føringane. Tilsyna frå Helsetilsynet skal m.a. ikkje førast opp før det ligg føre ein tilsynsrapport. Tabellane er blitt noko endra, og tabellen som omhandla hendingsbaserte tilsyn er teken bort.

Helse Førde HF							
Oversikt over tilsynssaker per 01.12.11							
Helsetilsynet: Oversikt over status i tilsynssaker i perioden som er gjennomførte eller ikkje er avslutta.							
Systemrevisjonar							
Namn på HF/avdeling	Område for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato	Eventuelle kommentarar
Førde BUP og revmato - logisk pol.kl.	Prioritering av tilvisingar og ventetider	20.12.10	Ja, desse: BUP: ventetid og info til pas. Revma.pol: Info til pas.	Sendt svarbrev 01.09.11	Avslutta	14.11.11	Tilsyn gjennomført i nov. 2010. Svart sist 01.09.11
UPH	Tilhøva ved UPH i høve m.a. kvalifiserte legar	21.09.11	Ja, drifta stettar ikkje krav til forsvarleg verksemd	sendt brev 01.09.11	Under behandling		Saka vart oppretta i 2007. Er ikkje gjennomført tilsyn på staden.
Psyk. klinikk Førde og Florø	Tverrfagleg spesialisert rus-beh.	18.10.11	Ingen avvik el. merknad	Sendt inn dok. i saka 12.05.11	Avslutta	18.10.11	Tilsyn 7.-8. sept. 2011
Psykiatr. Klinikk	Korridor-pasientar		Ja, for stor bruk av korridorpas.	Sender rapport kvar 3.månad	Under behandling		Saka vart oppretta i febr. 11
Med. avd NSH	Prioriteringsrutinane		HFD har sjølv meldt avvik	Sendt brev 28.10.11	Under behandling		Sak oppretta sept.11
Helse Førde	Legemidd. handtering		HFD har sjølv meldt avvik		Avslutta	08.11.11	
Med.klin og kir.klin.	Diagnose/behandling av polypp i tjukktarm	07.10.10	Oppfølging av pasient-sak med dette emne	Sendt sist dokumentasjon 31.10.11	Avslutta	10.11.10	Er ikkje gjennomført tilsyn på staden
Ort.avd.	Prioriter. av tilvising		HFD har sjølv meldt avvik	Sendt brev 14.11.11	Svarfrist 11.11.11		Oppretta 17.10.11

Status i tilsyns-, kontroll og klagesaker som gjeld andre myndigheitsorgan

Helse Førde HF			
Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentar/status
Arbeidstilsynet	01.04.2011	Arbeidstid for fast tilsette og vikarar i heile Helse Førde. Gjeld også heile Helse Vest.	Felles svar er sendt frå Helse Vest. Er ikkje avslutta
Arbeidstilsynet	25.05.11	Ambulansestasjonar, landsdekkande kampanje "Føre var"	Er gjennomført 17.08 Sluttmøte 19.10.11
Datatilsynet	09.08.11	Helseforskning	Tilsyn gj.ført nov.11
Statens strålevern			Inga aktuell sak frå desse per d.d.
Mattilsynet	28.09.11	Matproduksjon ved kjøkken, FSS. Varsel om vedtak om pålegg er gitt med frist 10.01.12.	Tilsyn gjennomført 19.10.11. Er ikkje avslutta.
DSB (dir. for samf.sikkerhet og beredskap)	06.04.2010	HMS, Medisinskteknisk utstyr, elektro Sendt svar 26.10.11.	Tilsyn gjennomført 05.-08.09.11. Er avslutta 31.10.11
Statens legemiddelverk SLV	30.03.2011	Tilvirking av blod og blodkompon., gjeld alle blodbankane i HFD. Sendt dokumentasjon 18.11.11	Tilsyn 06.05.11. Frist 07.12.11 for dokum. Er ikkje avslutta
KLIF (Klima /forureining)			Inga aktuell sak frå desse per d.d.
Sogn og Fjordane Energiverk	15.11.10	Florø sjukehus Gjeld straumførande utstyr som t.d. heis, MTU, kompressorlegg, nødlysanlegg m.m.	Gjennomført 3.11.10 Er avdekka fleire avvik, har sendt svar, er ikkje avslutta.
Branntilsyn	20.12.10	Lærdal sjukehus. Fleire avvik er påvist. Manglar no godkjent beredskapsplan.	Sendt foreløpig svar 01.07.11. Er ikkje avslutta.
Helse-direktoratet	02.02.11	Internrevisjonsprosjekt om Medisinsk kodepraksis. Gjeld Helse Vest. Helse Førde er ikkje direkte involvert.	Rapport komen 20.10.11
Klageorgan	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentar/status
KOFA	15.07.11	Innleige av legevikarar VIKTEAM. Sendt brev 23.09.11	Er ikkje avslutta
Sivilombudsmannen	17.03.11	Klage til Sivilombudsmannen frå advokatfirmaet Harris om mangl. bevaring av Nordfjord sjukehus	Sivilombudsmannen har ikkje sendt svar i saka
Revisjonsorgan	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentar/status
Riksrevisjonen	03.02.10	Ivaretaking av pasienttransport	Er ikkje avslutta.

### **Vedlegg:**

- Klinikkvise verksemdsrapportar.